



Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vår dato:

29.10.2025

Vår ref:

2025/14752

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Hol kommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hermund Mjelstad, 5764 3124

Hol kommune - 2. gangs offentlig ettersyn av kommuneplanens arealdel

Villreinnemnda viser til utsending av høyring på kommuneplanens arealdel, 2. gangs offentlig ettersyn, med frist for uttale 24.10.2025. Vi viser og til vår grundige fellesuttale med Nordfjella villreinutval 10.06.2024 til 1. gangs offentlig ettersyn.

Villreinnemnda er ei statleg nemnd som har som ei hovudoppgåve å sjå til at villreinområda våre ikkje blir forringa, og ikkje gjev dårlegare levevilkår for villreinen gjennom året. Dette gjeld for alle villreinområda, men fokuset skal vere ekstra sterkt i dei oppretta nasjonale villreinområda.

Viktige poeng for villreinnemnda er at kommuneplanens arealdel ikkje opnar for ny aktivitet, enten det gjeld bygging av fritidsbustader, næringsføremål, landbrukstiltak (t.d. oppdyrking av myr, oppsetting av gjerde) og andre fysiske tiltak innafor det som er villreinens leveområde i Hol kommune. Like viktig er det å avgrense aktivitet knytt nært opp til villreinområdet som kan føre til auka aktivitet inn i villreinområdet. Ein vedteken arealdel vil til vanleg vere ein styrke for kommunens arbeid, og ein kan unngå mange av dei dispensasjonssakene som har vore ei utfordring for kommunen – og for villreinnemnda.

Skal vi ha håp om å ta vare på villreinområda for framtida er god planlegging viktig. Dispensasjonar for mange små enkelttiltak, som kvar for seg kan verke uproblematisk, vil i sum kunne føre til ei «bit- for-bit» utbygging, og ei samla belastning, som er uheldig dersom vi skal kunne klare å ta vare på villreinens leveområde for framtida. Presset på fjellområda våre er stort, frå mange ulike aktørar, og det er viktig for kommunen å ha eit godt planverk å halde seg til.

Det er positivt at Hol kommune har vedteke arealnøytralitet for fritidsbustader. Slik har kommunen god kontroll med at ikkje behovet for areal veks «utan kontroll». Vi ser det og som positivt at nokre område som er definert som utbyggingsformål er tilbakeført til LNF-område. Dette vil redusere nedbygging av ubygd areal.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:
Trygve Skjerdal, Skjerdalsvegen
114, 5745 Aurland
Tlf. 97526883
E-post:
trygve.skjerdal@privat.alb.no

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Tlf. 57643124
fmsfhm@statsforvalteren.no



Ifølgje planskildringa til kommunen er det ein arealreserve for fritidsbustader på 149 dekar innfor Nordfjella villreinområde, om vi les skildringa rett. Dette er etter at det har vorte føreteke planvask, som er positivt. Vi meiner likevel arealreserven er for høg og at denne reserven må reduserast. For idrettsanlegg m.m. er reserven på 915 dekar som vi vil tru er knytt til alpinanlegga. Her kan det i alle fall vere eit viktig moment at det ikkje blir planlagt utvidingar som fører til meir ferdsle og aktivitet innover mot/inn i villreinområdet.

Regional plan for Nordfjella med Raudafjell set klåre rammer/retningslinjer for aktivitet innfor nasjonalt villreinområde og utanfor. Etter nemnda sitt syn er den påverknad som kjem frå aktivitet utanfor villreinområdet viktig å avgrense og styre for å ta vare på villreinens leveområde gjennom året. Ut frå fleire innspel og notat som er kome inn til kommunen i samband med høyringa er det peika på prioritering av sti- og løyper, samla belastning av aktivitet frå lokale og tilreisande inn i villreinområdet, restriktiv haldning til nye fritidsbustader nær villreinområdet, med meir. Vi sluttar oss til dei mange gode innspela frå lokalt hald frå dei som kjenner situasjonen i kommunen best. Villreinnemnda meiner Hol kommune må halde på dei etablerte sonegrensene og ikkje «skyve på» desse, som i praksis vil føre til innskrenking av leveområdet for villreinen. Nemnda vil her spesielt peike på Oddnakk – området som har vore, og framleis kan bli, eit viktig beiteområde for reinen om vinteren. Dersom kommunen skyv på sonegrensa her vil dette gode beiteområdet kunne gå ut, og slik bli ein del av «bit-for-bit» reduseringa av villreinområda våre.

Det er fleire pågåande planprosessar som vil kunne ha innverknad på forvaltninga av dei nasjonale villreinområda i Hol. Tiltaksplanen for Hardangervidda er på høyring og tiltaksplanen for Nordfjella kjem på høyring. I tillegg blir det arbeid med sti- og løypeplan for Nordfjella i regi av Nordfjellarådet. I sum vil desse prosessane kunne gje nye og betre føringar for korleis kommunen bør forvalte dei nasjonale villreinområda.

Med helsing

Trygve Skjerdal
leiar

Hermund Mjelstad
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus
BUSKERUD FYLKESKOMMUNE

Postboks 325	1502	MOSS
Hauges gate 89	3019	DRAMMEN